

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 87

Namnet på vatnet Hagavatnet

Kommune Hå

Fetlarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/Einar Berg etter oppdrag frå fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen i fylket.

H A G A V A T N E T



Fiskeanalysen vart foreteken den 1. sept. 1987.

Hagavatnet har frå 1983 av gått inn i I.V.A.R. for å sikre drikkevassforsyninga i fleire av kommunane på Jøren. I samband med skjønnnet, som vart halde i 1982, vart vatnet prøvefiska og konklusjonen den gongen var, at vatnet på det næraste var fisketomt.

I 1985 vart det sett ut 5 000 setjefisk av aure og nytt prøvefiske vart foreteke den 15. sept. 1986. Resultatet synte av utsetjinga hadde vore vellukka.

Det vart i 1986 sett ut ytterlegare 3 000 setjefisk av aure, ein del av denne merka med fettfinne-klipping, og eit nytt prøvefiske foreteke den 1. sept. 1987.

Det vart sett ut 6 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt var presis 100 aurar. Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 16 røde og 9 lys-røde i fiskekjøttet.

18 fiskar var hanfisk og 7 hofisk.

3 av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var heile 24 fiskar gytefisk og berre 1 gjeldfisk. Medelvekta av alle fiskane var 214.2 gram og største fisk 360 gram og 320 mm.

Ser vi på medellengden, og den årlege lengdetilveksten, av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	lår	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengd i cm	5.0	9.9	15.6	21.3	25.6	29.5
Årleg lengdetilv. i cm	5.0	4.9	5.7	5.7	4.3	3.9
Antall fiskar	25	25	25	25	20	5


Medel kondisjonsfaktor 1.00 tilseier fisk av god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for auren i Hagavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne bli sjåande ut som vist på neste side.

Konklusjon.

Ut frå det foretekne prøvefisket kan vi slå fast, at fiskeutsetjinga har vore vellukka. Auren veks godt, har nådd matnyttig storleik og er av god kvalitet.

Prøvefisket vårt synte vidare, at det ser ut til å vera vesentleg meir fisk i den nord-austre delen av vatnet enn i den sør-vestre. Dette kan skuldast, at det har vorte fiska meir i denne delen av vatnet. Det kan og spela inn korleis setjefisken har vorte fordelt ved utsetjing. Sjølv om fisken vil ferdast rundt om i vatnet, så syner det seg at fiskebestandet ofte er tettast der storparten av fisken er utsett. Ein har ikkje kjennskap til korleis fisken har vorte fordelt i dette høvet.



Foretekne mageprøver synte, at fisken for ein stor del ernærer seg av dyreplankton, og noko av vitsen med fiskeutsetjinga var nettopp å beite ned ein del av dyreplanktonet, då dette førte til tiltetting av silar.

Prøvefisket vårt synte vidare, at det ikkje er noko naturleg rekruttering i Hagavatnet. All fisk som vi fekk, såg ut til å vera utsett fisk.

Ser vi på vekstkurve og kondisjonsfaktor så er desse gode og fortel at fiskebestandet er nokonlunde avpassa det næringsforrådet vatnet byr på.

Praktiske tiltak.

For å halda eit fiskebestand i Hagavatnet i åra framover, så må dette truleg skje ved utsetjing av fisk. Kor mykje fisk som bør setjast ut vil m.a. vera avhengig av kor stor utfiskinga er. Blir det fiska mykje med garn vil vatnet tåle årlege utsetjingar på omlag 3 000 setjefisk. Fiskekvaliteten (kondisjonsfaktoren) vil som regel vera ein god indikator på eit høvande fiskebestand.

Blir vatnet regulert oppover, slik at nye arealer vil bli liggjande under vatn, vil nye beiteområder bli tilgjengelige for fisken. For å utnytte denne auka næringstilgangen vil ein og kunna auka utsetjingstalet i høve til det som er nemnt ovanfor. Dette vil ikkje vera nokon permanent ordning men av forbigåande karakter.

Som nemnt var noko av føremålet med fiskeutsetjinga å få beita bort ein del av dyreplanktonet i Hagavatnet. Då røyra er eit fiskeslag som i større omfang enn auren ernærer seg av plankton, vil eit røyrbestand kunna gjera større innhogg i dyreplanktonet enn auren. Denne saka må drøftast nærare med fiskerikonsulentten.

Elles er det viktig at dei som steller med vatnet fylgjer med om det skjer endringar i fiskekvalitet, storleik m.v.

Stavanger 7. mars 1988

Einar Berg